

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr. 7

Herad: Støren.

Emne: Skav.

Bygdelag: Haukdal

Oppskr. av: Jens Haukdal

Gard: Sørstua

(adresse): Snøan .

G.nr. 59 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Ole H. Hugdal, 69 år, kårmann, Snøan.

SVAR

1.

Ein har ikkje høyrd gjeti at krøtørhandlararar kjøpte og betalte betre pris på dyr som hadde fått skav, men at dyra vart feitare når dei fekk skav - det er ein kjensgjerning.

2.

Ein veit ikkje døme på at kjøtt av dyr som hadde fått skav vart svart. Ein veit heller ikkje at noko slag skav gav svart kjøtt. Ymse slag skav var ikkje så godt i smak som andre. Ein passa difor på å ha berre av dei gode skavslag til dyra. Bjørk, selje, rogn og osp var gode skavslag.

3.

Har aldri høyrd gjeti at nokon har hatt dårleg røynsle med mjølka når dyra fekk skav.

4.

Dei som bruka skav årvisst tok skavet av den årsveden dei køyrde fram. Dette vedkvantumet var noko nær det same kvart år. Elles hadde dei ikkje noko mål på kor mykje skavved dei burde ha fram. Alle visste at dyra vart sunnare og trivelegare når dei fekk skav, og dei spara mykje stråfor med å bruka skav. Nokon regel for kor mykje skav dei burde ha og om kor mykje før dei spara inn ved å bruka skav - ja det har ein ikkje høyrd gjeti her.

5.

Skjøva har ikkje vori bruka til å skava med her. Dette reidskapet er ein krumbøygd kniv med vanleg knivskaft - tolleknivskaft. Kniven var til å slipa på eine sida berre. Ein bruka han til å laga auser og skeier av tre.

Skavkniven var ein kniv med to skaft. Skavaren tok tak med ei hand i kvart skaftet, la egga an mot skavstokken og drog skavkniven mot seg. (Sjå vedlagde skisse)

Skavelen var ~~xxx~~ den reidskapen ein nytta til å pussa tredallar, stampar og byttor inni. Bladet i skavelen var bøygd og set fast i eit stykke tre som var forma slik at det var godt å halda i under arbeidet.

6.
Ukjend her.

7.
Her i grenda har alle hatt nok skavtre sjølve. Lauvskoggn
har stått tett på alle gardane. Ingen har vori i beitt for x
skavved.

8.
Ukjend her.

9. Ålmening har ein heller ikkje her i grenda.

10.
Husmennene hadde vedrett i skogen som låg under garden.
Dei hogg lauv-ved og samstundes sørgde dei for at noko
av denne veden var god skav-ved.

11.
Ukjend her.


12.
Har ikkje høyrd gjeti at tussane sette skavet på skav-
veden att om nokon slurva med skavinga. Likevel kan det
nok vera at dei har trudd det slik ein gong i tida. I
allefall veit ein at dei gamle var sers nøye med å ska-
va vel.

Jens Haukdal.

3.

Til særemne 7 Skav.

Skavkniven som vart bruka her ser slik ut.




Denne kniven vart og bruka til å pussa staur med. Han kunne vera laga av ein gammal ljå eller òg vera smidd som skavkniv frå fyrst av

Skjøva ser slik ut:



Bruka til å laga ausor og skeier med.

Skavalen ser slik ut:



bøygd kniv.

Bruka til å pussa dallar, stampar og bytter av tre.

J, Haukdal